

Vedlegg 2

Mål 2020 og andre styringsparametrar- Datakjelder og publiseringsfrekvens

Mål 2020 er valde av Helse- og omsorgsdepartementet for å gi eit mest mogleg samla bilete av dei tre hovudområda for oppfølging:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Helse- og omsorgsdepartementet vil følgje opp punkta under *Mål 2020*, og eventuelt andre styringsparametrar ved behov, i dei månadlege og tertialvise oppfølgingsmøta med dei regionale helseføretaka. I oppfølgingsmøta mellom det regionale helseføretaket og dei lokale helseføretaka vil dei valde måla og styringsparametrane bli følgde opp når det er nødvendig.

I årleg melding for 2020 skal det rapporterast på:

- Tiltak for å nå *Mål 2020* og *Andre styringsparametrar* (sjå tabell 1 og tabell 2 under)

Sjå også kapittel 8 om rapportering.

Styret og leiinga i helseføretaket har eit ansvar for å følgje med på kvalitetsindikatorar som Helsedirektoratet publiserer, og eventuelt setje i verk tiltak for å forbetre kvaliteten i tenestene.

Tabell 1. Mål 2020. Datakjelder og publiseringsfrekvens.

Mål 2020	Mål	Datakjelde	Publiseringsfrekvens
1 Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga			
Gjennomsnittleg ventetid.	Redusert i regionen samanlikna med 2019. Skal vere under 50 dagar i regionen innan utgangen av 2021. Målt som årleg gjennomsnitt.	Helsedirektoratet	Månadleg
Prosentdelen pasientkontaktar som har passert planlagd tid av totalt tal planlagde pasientkontaktar. Må målast med same uttrekksdato som året før.	Redusert i regionen samanlikna med 2019. Skal overhalde minst 95 % av avtalene innan utgangen av 2021	Helsedirektoratet	Tertialvis

Mål 2020	Mål	Datakilde	Publiserings frekvens
Gjennomføring av organspesifikke pakkeforløp for kreft (samla for 26 krefttyper) innan maksimal tilrådd forløpstid. ¹	Minst 70 % Variasjonen i måloppnåing på helseføretaksnivå skal redusert	Helsedirektoratet	Tertialvis
Auke prosentdelen planlagde episodar med tildelt time dei neste 6 månadene målt ved indikatoren planleggingshorisont.	Auka i regionen samanlikna med 2019	Under utvikling og publisering	Under utvikling og publisering
2 Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling			
Høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Distriktpsykiatriske senter og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. Veksten skal målast i gjennomsnittleg ventetid for avvikla pasientar, kostnader (kostnader til avskrivingar, legemiddel og pensjon skal synleggjerast, men haldast utanfor) og aktivitet (polikliniske opphald).	Innan 2021 skal gjennomsnittleg ventetid vere lågare enn 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, lågare enn 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge, og lågare enn 30 dagar for TSB. Gjennomsnittlig ventetid skal målast som årleg gjennomsnitt Prosentvis større auke i kostnader og aktivitet.	Gjennomsnittleg ventetid: Helsedirektoratet Kostnader: rekneskapen til dei regionale helseføretaka Polikliniske opphald: Helsedirektoratet (ISF)	
Forløpstid for utgreiing i psykisk helsevern barn og unge og psykisk helsevern vaksne	Minst 80 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Forløpstid for evaluering av behandling i poliklinikk, psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne og TSB	Minst 80 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Forløpstid frå avslutta avrusing til påbyrja TSB i døgneining	Minst 60 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosenttdelen epikriser sende innan 1 dag etter utskriving frå psykisk helsevern for vaksne. Prosentdelen epikriser sende innan 1 dag etter utskriving frå tverrfagleg spesialisert rusbehandling.	Minst 50 %	Helsedirektoratet	Tertialvis

¹ Prosentdelen pakkeforløp som har ei forløpstid frå starten av forløpet til oppstarten av kirurgisk eller medikamentell behandling eller strålebehandling, som er innanfor standard forløpstid, for lungekreft, brystkreft, prostatakreft og tjukk- og endetarmskreft, kreft i matroyr og magesekk, blærekreft, testikkelkreft, skjoldbruskkjertelkreft, kreft hos barn, hjernekreft, nevroendokrine svulstar, føflekkreft, peniskreft, bukspyttkjertelkreft, myelomatose, akutt leukemi, kronisk lymfatisk leukemi, gallevegskreft, primær leverkreft, hovud-halskreft, lymfom, nyrekreft, livmorkreft, eggstokkreft, livmorhalskreft og sarkom.

Mål 2020	Mål	Datakjelde	Publiserings frekvens
Tal på pasientar i døgntillegging i psykisk helsevern med minst eitt tvangsmiddelvedtak	Redusert samanlikna med 2019	Helsedirektoratet	Årleg
3 Betre kvalitet og pasientsikkerheit			
Prosentdelen somatiske pasientopphald med pasientskade, målt med metoden GTT, skal reduserast på regionalt nivå samanlikna med året før.	Redusert samanlikna med året før.	GTT-undersøkingane Helsedirektoratet	Årleg
Prosentdelen "enheter med godt sikkerhetsklima" i eit helseføretak skal vere minst 75 pst. innan utgangen av 2023.	«Godt» sikkerhetsklima inneber at minst 60 % av medarbeidarane i eininga skårar 75 eller høgare på faktoren for sikkerhetsklima	Målt gjennom undersøkinga Forbedring og utrekna med Helsedirektoratet sin definisjon på indikatoren.	Årleg
Forbruket av breispektra antibiotika ved norske sjukehus i 2020 samanlikna med 2012. (Målt som desse fem breispektra midla: Karbapenem, 2. og 3. generasjon cefalosporin, penicillin med enzymhemmar og kinolon).	30 % reduksjon i samla bruk i 2020 samanlikna med 2012	Legemiddelstatistikk til sjukehusa	Tertialvis
Prosentdel korridorpatientar på sjukehus.	0 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdelen epikriser sende innan 1 dag etter utskriving frå somatisk helseteneste.	Minst 70 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Talet på nye kliniske behandlingsstudiar er auka.	Auka med 5 % i 2020 samanlikna med 2018	CRISTin	Årleg